



Dyraheio landskapsvernområde er utvida

Faktaark:



Villrein beiter i Sandvassbrekka

Foto: Reidar Sandal

Kongen har i statsråd 25. juni 2010 vedteke å utvide Dyraheio landskapsvern-område med biotopvern i Suldal kommune i Rogaland fylke. Det er også gjort fire, mindre endringar i verneforskrifta.

Dyraheio landskapsvern-område med plantelivsfredning, blei oppretta ved kgl.res. 26.9.1997. Utvidinga av området er vedteken etter naturmangfaldlova, og verneformen har vorte endra til landskapsvern-område med biotopvern. Det er eit rikt planteliv i området, med m. a. bergjunker som gjer at området også vert omfatta av biotopvern. Etter utvidinga omfattar ver-

neområdet eit areal på omlag 304 km². Utvidinga utgjer eit areal på 3,7 km² sørøst for Sandvatnet i Suldal kommune.

Arealet som no er inkludert i verneområdet var på grunn av større terrenginngrep, som anleggsveg og regulert vatn (Sandvatnet), ikkje med i det opphavlege vernevedtaket i 1997. I ettertid synte det seg likevel at dette del-

området inneheld store naturverdiar tilsvarande dei ein fann i dei tilgrensande verneområda. I første rekke er desse verdiane knytt til viktige trekk- og beiteareal for villrein. I tillegg er det eit område med godt lokalklima for rik fjellvegetasjon, samt fleire kulturminne. Delområdet inneholder ikkje andre inngrep enn anleggsvegen til Holmevatn, bygd i 1967 og

Direktoratet for naturforvaltning (DN) er det sentrale, utøvende og rådgivende forvaltningsorganet innenfor bevaring av biologisk mangfold, friluftsliv og bruk av naturressurser. DNs visjon, For liv i naturen og natur i livet, er et uttrykk for dette. DN er administrativt underlagt Miljøverndepartementet. Myndigheten til å forvalte naturressurser er gitt gjennom ulike lover og forskrifter. Ut over lovbestemte

Oppgaver har direktoratet også ansvar for å identifisere, forebygge og løse miljøproblemer ved samarbeid, rådgivning og informasjon overfor andre myndigheter og grupper i befolkningen.

reguleringssona i Sandvatnet.

Føremålet med vernet er å ta vare på eit særmerkt fjellområde med urørt natur, rikt planteliv med m.a. bergjunker, verdifullt beitelandskap, eldre og nyare kulturminne etter støling, heiebeiting, jakt, fiske og fangst. Føremålet er også å ta vare på viktige leveområde for viltet, spesielt å sikre eit samanhengande fjellområde og delar av livsgrunnlaget for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

I første rekke er verdiane knytta til viktige trekk- og beiteareal for villrein. Området ved Sandvassbrekka er av dei viktigaste trekk- og beiteområda for villrein i grenseområda mellom Suldal og Bykle kommunar. Den frodige vegetasjonen langs Sandvatnet og i brekka opp mot Storhidlerfjellet og Meien er viktige vår- og haustbeite.

Fyllittberggrunnen og eit godt lokalklima gir rik fjell-

vegetasjon i Sandvassbrekka. Fleire stader er det kulturminne, mellom anna fleire stakktufter, driftleger og restar etter ein gamal ferdsselsveg mellom Setesdal og Ryfylke.

Utvindinga vil sikre at ein knyt saman Dyrhaeio landskapsvernombånd med Holmavassåno biotopvernombånd i eit større samanhengande verneområde.